

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13. mai 2020

Fv. 57 Dale - Storehaug

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar at 62,9 mill.kr som er sett av til fv. 57 Dale - Storehaug i budsjett for 2020 og økonomiplanen for 2020-2023 skal nyttast på strekninga Strandanes - Nistadlia, mellom Gryvlevika og Nistadlia. Midlane skal gå til siktforbetring, breiddeutviding og innløysing av eit hus i samsvar med reguleringsplan utarbeidd av Fjaler kommune.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at framtidig vegline på strekninga fv. 57 Båtevik - Storehaug, inkl. alternativ via Osen, blir avklart i samarbeid med Sunnfjord kommune.

Samandrag

Saka er fremja for å få avklara kva avsette midlar til fv. 57 Dale - Storehaug i budsjett for 2020/økonomiplan for 2020-2023 skal nyttast til.

Saka skal og avklare om ein skal arbeide vidare med å avklare framtidig vegline for strekninga fv. 57 Båtevik - Storehaug.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkessjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka omhandlar to spørsmål:

1. Bruk av 62,9 mill.kr på fv. 57 Dale - Storehaug
2. Framtidig trase for ny vegline for strekninga fv. 57 Båtevik - Storehaug, inkl. alternativ via Osen

1. Bruk av 62,9 mill.kr på fv. 57 Dale - Storehaug


I budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 er det sett av 62,9 mill.2020-kr til fv. 57 Dale - Storehaug. Midlane er fordelt med 5,2 mill.kr i 2020 og 57,7 mill.kr i 2021.

I regional transportplan for 2018-2027 for Sogn og Fjordane vart det sett av 60 mill. 2018-kr til fv. Dale - Storehaug. Statens vegvesen gjorde då ei vurdering av kva desse midlane skulle nyttast til. Notat datert 16.02.2018 ligg ved saka.

I notatet står det som følgjer i 2. og 3. avsnitt side 1:

«Behovet for investeringar på denne strekningen er langt over dei midlane som er sett av no. Statens vegvesen har i dette notatet difor vurdert kvar desse best kan brukast.

Gjennom ordlyden i Investeringsprogrammet har fylkeskommunen indikert at dei ynskjer at dei 60 millionane vert nydda til strekningsvise tiltak. Viss midlane som er sett av vert delt på fleire mindre strekningar vert desse så korte at ein i realiteten vil ende opp med punkttiltak. Vi har difor lagt til grunn at det skal veljast ut éi samanhengande delstrekning mellom Dale og Storehaug der midlane vert nydda.»



I notatet står det vidare i nest siste avsnitt side 1:

«Med unntak av mellom Dale og Setenes og mellom Nistadlia og Helle (Helle ligg om lag 1 km vest for Båtevika), er det behov for oppgradering i større eller mindre grad av fv. 57 mellom Dale og Storehaug. Fjaler og Gauldal kommunar arbeider med reguleringsplanar for alle dei strekningane der det er trong for oppgraderinger.»

På strekninga Setenes - Strandanes er det planlagt to tunnelar som kvar er om lag 0,8 km lange. Kvar av tunnelane vil koste meir enn dei midlane som er sett av til fv. 57. Dagsone mellom tunnelane rett før/etter tunnelane er korte og tilpassa tunnelane, og difor er heller ikkje aktuelle no.

Utbygginga bør difor skje på ei delstrekning mellom Strandanes og Nistadlia i Fjaler eller Hjelmeland og Storehaug i Sunnfjord kommune.

Ei utgreiing som Statens vegvesen laga i 2011, viser at dei to delstrekningane har lik samfunnsøkonom nytte.

Planstatus

Fjaler kommune har pågåande reguleringsplanar for strekninga Setenes - Strandanes og Strandanes - Nistadlia. Reguleringsplan for Strandanes - Nistalia har vore ut på høyring og offentleg ettersyn, og det er kome inn ein del merknader. Reguleringsplan for Setenes - Strandanes er framleis under utarbeiding, men er nesten klar til gjennomgang, politisk handsaming og høyring/offentleg ettersyn. Dette går fram i referat frå møte mellom Fjaler kommune og Vestland fylkeskommune 3.3.2020. Referatet ligg ved saka.

Fjaler kommune har som mål å vedta reguleringsplanen for strekninga Strandanes - Nistadlia før sommaren.

Tidlegare Gauldalen kommune har starta ein reguleringsplan for strekninga mellom Båtevik og Storehaug. Den planlagde tunnelen i Båtevika har rundkjøring, og tunnelen må ha førehands sikkerheitsgodkjenning. Denne saka ligg i Vegdirektoratet for avgjerd. Statens vegvesen region vest har godkjent fråvik om rundkjøring i tunnel.

Parsellen mellom Storehaug og Perhaugen (som ligg aust for Hjelmeland) er vedteken.

På bakgrunn av planstatus og det tidlegare utgreiingsarbeidet som er gjort av Statens vegvesen, jf. vedlagde notat av 16.02.2018 og tilbakemelding frå kommunane Fjaler, Askvoll og Sunnfjord så tilrår vi at midlane vert nytt til Strandanes og Nistadlia.

Endeleg utbyggingsstrekning

I notat frå 2018 står det som følgjer på side 3 under Endeleg utbyggingsstrategi:

«Med utgangspunkt i dagens vegsituasjon, utkast til planar for ny fv. 57 og den økonomiske avgrensinga på 60 millionar kroner, har vi gjort oss desse tankane om strekningen Strandanes - Nistadlia:

- Dagens veg mellom Strandanes og Gryvlevika har relativt god geometrisk utforming og stort sett gode siktilhøve sett ut i frå standarden på fylkesvegen elles.
- Ved Gryvlevika ligg vegen i dag i ei S-kurve med krappe svingar og dårlig sikt. Strekningen er likevel nokså kort og framkomstproblema vurderast å vere små. Elles er den planlagde løysinga for dette partiet å bygge ein kort tunnel, noko som gjer at ein får få meter ny veg ut av investeringa.
- Dagens veg mellom Holmeli og Nistadlia ligg i stor grad i kurve langs fjellskjering, noko som gir dårlige siktilhøve framover langs vegen. Dette er utfordrande for framkomsten når vegen er smal. Strekningen med dårlige siktilhøve er så lang at vi vurderer framkomstproblema til å vere størst på denne delstrekningen. Slik planane er for ny veg på denne strekningen reknar vi med at dei avsette midlane er tilstrekkeleg til å kunne få tilfredsstillande vegstandard på heile denne delen av fylkesveg 57. Utstrekningen for utbygginga vil gå over om lag 1,4 km.
- Ved Nistadlia skal eit bustadhús løysast inn. For å redusere belastninga av ei slik innløysing, er det høveleg at ein relativt kort tid etter planvedtak kan gå i gang med ervervsprosessen.
- Aust for Nistadlia er det eksisterande tofeltsveg over ei strekning på vel fire kilometer og det er gunstig å forlenge denne i staden for å få auka omfang av vekslande standard på strekningen.

Utifrå dei momenta som er drøfta over er det Statens vegvesen sin konklusjon at dei 60 millionane som er sett av til utbyggingar på fv. 57 mellom Dale og Storehaug, bør nyttast til utbygging av delstrekningen Holmeli - Nistadlia i Fjaler kommune.»

Sunnfjord kommune har på vegne av Sunnfjord, Fjaler og Askvoll kommunar sendt oss e-post 7.4.2020. Denne ligg ved saka.

Her står det m.a. i nest siste avsnitt:

«Sunnfjord, Fjaler og Askvoll kommunar ber om at det blir prioritert 50 mill. til møteplassar og utbetring på flaskehalsar til strekninga Storehaug-Bygstad. Vi er også samde om at det vil gje best effekt å bruke dei løyvde 60 millionane på strekninga Dale-Osen.»

Fv. 57 mellom Storehaug og Bygstad har dårlig standard. Vegen er smal og har dårlig sikt. På strekninga ligg og skule og barnehage. Vegen er og tilkomst til fleire bedrifter med ein stor del tungtransport. Vegen går gjennom busetnaden i Bygstad med mange avkjørsler. Vegen har utfordrande kurvatur og stigningsforhold. Mange stadar er det ikkje passering for to bilar. Særleg vinteren kan vere utfordrande. Framtidig trase er ikkje avklart, men behovet for å gjere nokre mindre tiltak er stor.

Vurdering

Vegen mellom Strandanes og Gryvlevika på strekninga Strandanes - Nistadlia har relativt god geometrisk utforming og stort sett gode sikttihøve sett ut i frå standarden på fylkesvegen elles.

På strekninga mellom Gryvlevika og Nistadlia kan ein få utbeta den delen av den totale strekninga som er mest utfordrande med tanke på sikt og beidde. Vi får og løyst inn eit hus i Nistadlia som er regulert bort. Når planen er vedteken har eigar uansett krav på å få innløyst huset. Overgangen mellom tofeltsveg mellom Helle og Nistadlia er knapp og uheldig. Denne vil og verte utbetrer. Løysinga på denne strekninga er upproblematiske og avklart.

Strekninga mellom Storehaug og Perhaugen har betre standard og det er ynskjeleg at vi får avklart vidare løysing vestover før ein gjere meir her.

Tilråding


Fylkesrådmannen tilrår at 62,9 mill.kr på fv. 57 som avsett i budsjettet for 2020/økonomiplanen vert nytta til delstrekninga Strandanes - Nistadlia mellom Gryvlevika og Nistadlia for å betre sikttihøva, utvide breidda og løyse inn eit hus.

2. Framtidig trase for ny vegline frå fv. 57 Båtevika til fv. 57 Storehaug, inkl. alternativ via Osen. Som det går fram av saksframstillinga over under Planstatus så er ikkje reguleringsplanen for fv. 57 Båtevika - Perhaugen ferdig. I referat frå møtet med Sunnfjord kommune 20.02.2020 som ligg vedlagt saka, går det fram at det har vore utfordrande å gå rett på reguleringsplan med berre eitt alternativ med kryssing av Svesundet med bru. Løysingane som har vore vurderte har vore dyre og det er stilt spørsmål om det kan vere andre alternativ enn over Svesundet som kan vere tenlege og rimelegare. I Svesundet er det store verneinteresser grunna eit eldre tun med mykje historie. Det er difor ønskje om å sjå på ei ny vegline mellom Osen og Storehaug.

Når det gjeld val av framtidig veglinje frå Storehaug gjennom gamle Gauldalen kommune og i retning Bygstad sentrum så er vi samde med administrasjonen i nye Sunnfjord kommune om at det må startast eit arbeide på å avklare framtidig veglinje gjennom kommunen.

I referat frå møtet med Sunnfjord kommune står det at Vestland fylkeskommune vil vurdere om det skal startast ein kommunedelplanprosess der ein tek med seg fleire alternativ for strekninga.

I kartet nedanfor er det markert med raud ring rundt Båtevika i vest og Storehaug i aust. Perhaugen er merka med blå ring i nord og Osen i sør.



Tilråding

Framtidig vegline på strekninga fv. 57 Båtevika til fv. 57 Storehaug, inkl. alternativ via Osen blir avklart i samarbeid med Sunnfjord kommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å avgjere denne saka, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering.|1

Konklusjon

1. 62,9 mill.kr som er avsett i budsjett for 2020 og økonomiplanen for 2020-2023 tilrår vi vert nyttå på fv. 57 på strekninga Strandanes - Nistadlia, på vegen mellom Gryvlevika og Nistadlia.
Midlane bør gå til å betre sikta, gjere breiddeutviding og innløyse eit hus.
2. Framtidig vegline på strekninga fv. 57 Båtevika til fv. 57 Storehaug, inkl. alternativ via Osen blir avklart i samarbeid med Sunnfjord kommune.